

Protokoll

Årsmøte Seljord Turlag den 11.02.26

I lokala til Seljord Frivilligsentral, kl. 19.00-21.00

Til stades var 7 medlemmer av Seljord turlag, og det var Asbjørn Storrusten, Trea Stoelwinder, Mirjam Th. Schade, Anthine Moen, Kelly Westrik, Rune Haugholmen og Marius Aarhus. Hilde Selstø var representant frå DNT Telemark.

Styreleiar Asbjørn Storrusten ynskja alle velkomen.

1. **Val av møteleder:**

Valt; Asbjørn Storrusten.

2. **Val av referent:**

Valt; Mirjam Th. Schade.

3. **Val 2 stk. til å skrive under protokoll:**

Valt; Trea Stoelwinder og Rune Haugholmen.

4. **Innkalling:**

Innkalling har vore på FB sider, annonse, nettside og sendt medlemene.

Vedtak; Innkalling og sakliste blei godkjent.

5. **Gjennomgong av årsmelding:**

Mirjam, Kelly og Rune presentera kvar sine delar av årsmeldinga.

Årsmelding blei godkjent med følgjande kommentarar;

- Styret samarbeider godt i ulike messengergrupper; ei for styret, ei for samarbeid mellom BT Seljord og BT Kviteseid, og ei for arbeids/dugnadsgruppa, dette minskar behov for hyppige styremøte.
- Det vart gjennomført Opptur i 2025 også, ein dag seinare enn opprinneleg plan av omsyn til eksamen for nokre elevar. Anthine og Frank frå DNT Telemark var med, turen gjekk til gruva i Svartdal. Elevane fylgde digitale fotspor oppover, med spørsmål om gruva, orkideane i området og generell turkunnskap v/Anthine. Vidare tok gruppa ei matpause ved gruvane, og gjekk så ei runde ovanfor for å få med seg utsikten. Anthine, som også er biolog, fortalde der om dei sjeldne orkideane i området. Av

omsyn til rullestolbrukar både i 2025 og 2026 blir Svartdal mål for årets Opptur også. Tidlegare har dei vore på Brennemonuten og dagstur over Seljordsheii.

Vedtak; Årsmøte godkjente Årsmeldinga 2025 for Seljord turlag.

6. Rekneskap for 2025

Rekneskapen for 2025 syner eit årsresultat på eit meirforbruk på kr 14.593. Dekt med oppspart kapital. Sum bankbeholdning pr 31.12.25 er kr 154.168,34.

Vedtak; Rekneskapet for 2025 blir godkjent som ført.

7. Budsjett for 2026:

Budsjett for 2026 er sett opp med eit budsjettert meirforbruk i drifta på kr 28.550, dekt ved bruk av oppspart eigenkapital.

Vedtak;

Årsmøte sluttar seg til budsjett for 2026 med følgjande justeringar;

- **Tur/aktivitet aukar frå 25 000.- til 75 000.-.**
- **Profileringsartiklar aukar frå 5 000.- til 10 000.-.**

8. Val:

Valkomitèen si innstilling til nytt styre:

	Val		Valt for	På val
Leiar	Gjenval	Asbjørn Storrusten	1 år	2027
Styremedlem	Gjenval	Asbjørn Storrusten	2 år	2028
Nestleiar	Gjenval	Hans Inge Hagen	2 år	2028
Kasserar	Ikkje på val	Trea Stoelwinder	2 år	2027
Styremedlem, skrivar/kontakt DNT Junior	Gjenval	Mirjam Th. Schade	2 år	2028
Styremedlem	Ikkje på val	Kelly Westrik	2 år	2027
Styremedlem, leiar Barnas Turlag	Ny	Marius Aarhus	2 år	2028
Styremedlem, turgruppa	Ny	Rune Haugholmen	2 år	2028
Styremedlem, BT	Gjenval	Anthine Moen	2 år	2028
1. varamedlem	Ikkje på val	Torunn Raftevold Rue	2år	2027
2. varamedlem	Ikkje på val	Rune Hagen	2 år	2027
Valkomité		Hermund Kristiansen Bjarne Geir Nenseter		

Vi takker Jette L. Bergfjord for jobben for turlaget.

Vedtak; Årsmøte valte nytt styre som valkomitèen sitt framlegg.

9. Revidering/ justering av Vedtektene for Seljord Turlag (2018)

DNT Telemark har gjort framlegg om å revidere sine vedtekter. Styret i Seljord Turlag har slutta seg til Styret DNT/T sitt framlegg.

Seljord Turlag må gjere nokre justeringar av sine vedtekter i høve til DNT sine normalvedtekter.

Vedtak; Årsmøtet gjev styret fullmakt til å justere vedtektene for turlaget i.h.t. DNT sine nye normalvedtekter.

Evt. prinsipielle endringar drøftast på medlems-/årsmøte.

10. Representant til årsmøte DNT Telemark 20. mars kl 19.00 på Vatnar, Midt-Telemark :

Styret fekk fullmakt til å velje representantar til DNT T sitt årsmøte.

Årsmøtet valte Asbjørn Storrusten og Rune Haugholmen til å representere Seljord Turlag på DNT Telemark sitt årsmøte.

Stadfestar protokollen:

Seljord

Trea Stoelwinder

Rune Haugholmen.

Trea Stoelwinder

Rune Haugholmen

Ref. 1/3-26 Mirjam Th. Schade

Mirjam Th. Schade
